

Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2021/1652-38

Saksbehandlar: Øyvind Pedersen

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
PS 48/2023	06.06.2023	Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling
PS 69/2023	13.06.2023	Formannskap
PS 52/2023	15.06.2023	Kommunestyre

Endring av reguleringsplan for flaumsikringsanlegg for Bismo ved Skamsarvegen.


Vedlegg

- 1 Bismo-Flaumsikring Plankart A0 etter endring Skamsarvegen


Saksutgreiing

I samband med det pågåande arbeidet med flaumsikringsanlegget ved Bismo, har NVE vendt seg til kommunen med ønskje om endring av endring av "Detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo". Dette gjelder ei mindre endring av planlagd turveg utafor Skamsarvegen 56, 58, 60, 62 og 15. Saka blir behandla som ei mindre reguleringsendring i medhald av plan- og bygningslova § 12-14, andre ledd.

I reguleringsplanen som vart vedteken 22.06.2022, ender flaumvollen og turstigen som går oppe på denne mot Skamsarvegen, slik at turgåarane skulle bli viste til å gå eit stykkje på Skamsarvegen før dei kunne gå på turveg att vidare austover. Endringa som blir føreslege frå NVE, vil gjere at turvegen vil bli samanhengande og i si heilheit gå utafor Skamsarvegen. Samtidig vil turvegen bli heva til same høgdenivå som kommunevegen. Utsnitt av gjeldande reguleringsplan, og forslaget til endring er vist på kartfigurane under.



Utsnitt av gjeldende detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo, vedteken 22.06.2022.



Forslag til endring av detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo ved Skamsarvegen

Skjåk kommune sendte 14.04.2023 forslag til endring av reguleringsplanen på avgrensa høyring til partar som vert direkte påverka av endringa. NVE vart varsla som initiativtakar for endringsforslaget, og som ansvarleg for at forslaget tek i vare omsynet til samfunnstryggleik. Elles vurderte kommunen endringa som så lite inngripande at det ikkje er naudsynt å høyre andre statlege og regionale instansar. Frist for å kome med merknader til forslaget til planendring, var sett til 28.04.2023. Det er ikkje kome inn merknader til forslaget om planendring.

Endringa er av lite omfang og vil medføre små terrenginngrep. Endringa omfattar skogsgrunn og det er ikkje spesielt sårbar natur eller sårbare artar som vert råka. All endring skjer på areal som er eigd av kommunen. Planteknisk vil endringa berre omfatte endringar av plankartet. Det vil ikkje vere naudsynt å endre reguleringsføresegnene eller andre dokument knytt til den vedtekte planen.

Framlegget inneberer også at utstrekninga av bygg- og anleggsområdet må utvidast noko – dvs. det området utbyggar må ta i bruk for å få bygd anlegget. Utvidinga av anleggsområdet vil berre omfatte kommunal grunn.

Vurdering

Kommunedirektøren vurderer reguleringsendringa som er føreslege for turvegen vil vere til fordel for alle utan å medføre særlege terrenginngrep. Turgåarar treng ikkje lenger gå ut på Skamsarvegen, og det er ein fordel med omsyn til trafikktryggleiken. Vurdert i forhold til samfunnstryggleik vil endringa ha lite å seie, men hevinga av turvegen vil i nokon grad vere positivt for flaumsikring av areala innafor.

Endringa er så vidt liten, slik at det ikkje forventast at tiltaket vil ha særlege kostnadmessige konsekvensar. Stigen skal opparbeidast med grusdekke og er av enkel standard. For drift av den kommunale Skamsarvegen, vil det vere ei føremon at to tilknytingspunkt blir redusert til eit.

Kommunedirektøren si tilråding

1. I medhald av § 12-14, andre ledd i plan og bygningslova, godkjenner Skjåk kommune endring av detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo (planid. 3433001) som går fram av saksutgreiinga og revidert reguleringsplankart.

Hovedutval for miljø- og samfunnsutvikling si behandling av sak 48/2023 i møte den 06.06.2023:

Behandling

Samrøystes.

Vedtak

1. I medhald av § 12-14, andre ledd i plan og bygningslova, godkjenner Skjåk kommune endring av detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo (planid. 3433001) som går fram av saksutgreiinga og revidert reguleringsplankart.

Formannskap si behandling av sak 69/2023 i møte den 13.06.2023:

Behandling

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

I medhald av § 12-14, andre ledd i plan og bygningslova, godkjenner Skjåk kommune endring av detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo (planid. 3433001) som går fram av saksutgreiinga og revidert reguleringsplankart.

Kommunestyre si behandling av sak 52/2023 i møte den 15.06.2023:

Behandling

Samrøystes.

Vedtak

I medhald av § 12-14, andre ledd i plan og bygningslova, godkjenner Skjåk kommune endring av detaljreguleringsplan for flaumsikring av Bismo (planid. 3433001) som går fram av saksutgreiinga og revidert reguleringsplankart.